



## AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
27.11.2020	20/4485 - 10	

### **Oversending av vedtak for klagevurdering - Klage på løyve om tilbygg til anneksgbnr 152/7 - Litlelindås**

Formannskapet i Austrheim gjorde 11. november 2020 slikt vedtak i denne saka:

*Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje.*

*Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.*

*Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.*

*Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.*

Som det heiter i vedtaket vert saka med dette oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.  
Andre partar får kopi.

Sjå elles vedlagt saksdokument.

Vennleg helsing  
Ketil Tjore  
Møtesekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift*

Andre mottakere:

Fylkesmannen i Vestland

Einar Ellingsen, Marta Fjell Ellingsen

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
135/20	Formannskapet	PS	11.11.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Christopher Marius Straumøy	Gbnr-152/7	20/4485

### Klage på løyve om tilbygg til annekst - Gbnr 152/7 - Litlelindås

#### Vedlegg:

Løyve til redskapshus og tilbygg på fritidsbustad Gbnr- 152/7 - Litlelindås

Nabovarsel gbnr 152/22

Søknad - gbnr 152/7 - Litlelindås - tilbygg

Søknad - gbnr 152/7 - Litlelindås - tilbygg på hytte

Nabovarsel

Søknad om løyve til tiltak uten ansvarsrett

Brev vedr. nabovarsel + kart

Utskrift frå Sorenskrivaren i Nordhordland

Merknad til nabovarsel

#### Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

### Formannskapet - 135/20 - 11.11.2020

#### FS - behandling:

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka.

Administrasjonen legg opp til å avvisa klagen, og saka vil gå til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### FS vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

Det er gjeve løyve til tilbygg på annekset og oppføring av løyve på Litlelindås. Klagar har innvendingar mot tilbygg på annekset.

Storleiken på annekset ønskjast utvida frå 12,1 m<sup>2</sup> til 16 m<sup>2</sup> BRA.

Klagar er grunngeve i brann- og landbruksmessige omsyn. Klagar peikar på at tilbygget vil gjere det vanskeleg å køyra forbi annekset med moderne store traktorar og andre landbruksmaskiner. Ein brønn på motsett side av annekset vil saman med tilbygget i følgje klagar gje store landbruksmaskiner vanskar med å komme forbi. Klagar peikar på at det ikkje er drift på garden hennar i dag, men at dette vil endre seg om få år og sakshandsaminga må teke dette med i vurderinga.

Vidare er klagar bekymra for tilgang til hennar eigedom for brannbilar viss tilbygg til omsøkte tiltak vert ståande.

### **Vurdering**

Det er klart at klagar har klagerett samt at klagen er kome inn rettidig.

Klagar stiller spørsmål om kommunen i løyve har vurdert omsyn til brannsikkerheit og landbruk.

Klagar er bekymra for tilgang til hennar eigedom viss løyvet til tilbygget blir ståande.

Dei same bekymringane kom fram i nabomerknad frå klagar. Kommunen vurderte dei i sakshandsaminga.


Vegen det er tale om er ein gamal grusveg. Det omsøkte tiltaket som ble gjeve løyve vil ikkje gje noko særleg mindre plass til forbipasserande køyretøy. Det er moglegvis tale om ca. 10-15 cm innsnevra tilgang.



Ca 3 meter bredde på sjølve vegen i dag.



Over 4 meter klaring frå eine sidan av vegen over til andre sidan ut på graset mot brønnen.



### Oversikt over eksisterende og planlagt utviding av aneks.

Det kan påpekast at brannbilar treng minst 3 meter vegbreidde for å komme fram. Det omsøkte tiltaket med tilbygg på aneks kan ikkje sjåast å komme i konflikt med brannbilars behov for 3 meter vegbreidde. Dette har sin naturlege forklaring i at anekset søkjast utvida langs vegen, og ikkje inn mot vegen. I dei tilfelle store køyretøy ville ha behov for meir plass kan desse bruke «vegskuldra» på begge sider av vegen (som er av gras). Dette illustrerast godt med utsnitt over.

Vidare vil omsøkte tiltak flytte inngangen til aneks 90 grader bort frå vegen. Dette ser kommunen som ein stor fordel vurdert ut frå omsynet til trafikktryggleik. Det kan vidare påpekast at vegen er lite trafikkert.

Kommunen kan dermed ikkje sjå nokon grunn til at brann- og landbruksmessige omsyn vil bli skadelidande, all den tid det er tilstrekkeleg plass til å komme fram med både brannbil og traktor langs anekset og vegen elles.

### Konklusjon:

Det er ikkje grunnlag for å trekke løyve om oppføring av aneks. Klagen vert difor ikkje tatt til følge. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd, jf. plan-og bygningslova § 1-9.